Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Bryne

Oppskr. av: Aamund Hardang

(adresse): Ytre Hjartdal.

Fylke: Telemark

Herad: Herad. Hjartdal

Bygdelag:

Gard: Haugebrag

G.nr. 52 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Det vanlege namn er bríne - bryne. Å bryne
Namnet „hein" er heilt ukjent alle stader her.
2 Før var det bruka berre bryne av ~~stadar~~ natur stein her
i Telemark, men no i lengre tid har det mest vorte
bruka bryne av kunststein. Brynesteinsgrjót
finst ikkje her i bygda. Dei kom frå Eidsborg
i Vest-Telemark

3 Alle eggjarn vert slipa på rund slipestein
og etterpå brýnt.
4 Folk her kan ikkje minnast då dei bruka
tynsleljå.
5 Nokon stein som den i spurnål 5 kan ikkje folk
minnast å ha sett. Ein bruka ikkje å ha
slipestein med seg i slåtteligen, men den stod
heime. På slåttestølane i fjellet har ein
slipestein standande frå det eine året til det
andre.
6 Ein brukar vanleg å ha tvo nyslipa ljåar
i kvar ykt. Var det mykje steinut slåtte
og hardt ljå-bit kunne ein og bruka 3.
7 Før når ein bruka berre stuttljåar og lang-
ljå – før ein fekk slåmaskiner bruka ein fyrst
å bryne ljåen med bryne og etterpå strauk ein

5839

ljåen med stryke-stekke. Strykestikka var helst laga av eik, or el. likn. Dei bruka ofte strykestekka med tjøre. Strykestekka hadde slåttekaren med seg heimanfrå og bruka han i slåttetigen overalt. St. stekka var festa med ein jarnkrok til brynslekoppen. Brynslekorva var av tre helst furu som dei hadde hangande på eit belte - slåttereima.

9 Når ein bryne stuttljåen sette ein ljåsorvet millom låra og krosskasta føtene. Ein slengde då høgre foten framom venstre leggen og heldt ljåen med vinstre hand og brynet eller strykestekka med høgre handa. Langorvet derimot set ein ned mot jorda og brynen på same vis.

8 Ein bruka alltid å ha ljåen av orvet medan ein slipte. Når ein slipa heldt ein eggen imot seg. Ein sat då på slipesteingrinda.

10 Koppen som ein har brynet i heiter som eg før har nemnt, brynslekoppa, brynslekorv. Skåpp er også bruka i Seljord.- Serleg i Aamotsdal. Skåppen var helst laga av furu-feit tyrived.

11 Ein kjenner ikkje til at brynet vart bore i okse eller kuhorn.

12 Som eg før har sagt, bar ein brynslekorva på ei reima- slåttereima so han hang på sida (vinstre sida).

13 I brynslekoppen måtte ein jamt ha vatn so ein fekk væte brynet - utan vatn i koppen var det ikkje greitt å bryne.

14 Mjølet som samlar seg når ein brynte ljåen kallast brynslegrut.

15 Ein kjenner ikkje lenger til at denne brynslegruten var bruka til nokon lækjedom

5839

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eller gromiddel

17 Det var nok kjent at brynet vart betre når ein la det i maurtuva.

18 Nei ein har ikkje funne noko om brynet skal tale slik som ~~hin~~ ~~segner~~ eller reglar om frå Vestlandet.

19 Det var visst nemnt om noko slikt då eg var liten, men kva det var, har eg gløymt.

Høyrer ikkje noko av det som er nemnt i sp. 20.

5839

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING